Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 14 - 1991

Oslo 1991

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad: Avdeling for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo

Nr. 14 - 1991

Redaksjonen er avslutta 5. november 1991

ADRESSER:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3. Tlf. (02) 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 BERGEN).

Kontingenten er no 130 kr for året.

INNHALD

Formannen har ordet 4
Den nye namnekonsulenttenesta 5
Samrådingsmøte for namnekonsulenttenesta 8
Diplom for godt namnevett 10
Stadnamnprosjektet i Nordland 11
Gardermo-prosjektet 14
Konferanserapportar under utsending 15
Nyredigert samling av stadnamn i Odda 15
Besseggen eller Besseggi? 18
Tron eller Tronden? 21
Namnet *Olav* og reformasjonen 22
Årets personnamnbok: *Namneboka* av Olav Veka 24
Stavanger og andre namn på *-anger* 27
Merknader til nokre *anger*-namn i Rogaland 28
Doktorgradsavhandling om norske namn i omsetjing til tysk 29
Doktorgradsavhandling om innsjønamn 31
Personnamn i nordiska och andra germanska fornspråk 33
Doktordisputas i København 34
Sveriges medeltida personnamn 35
Nordisk symposium om Finnskogene 36
Gløymd namnestrid fram i lyset 37
Trondheim - Trondhjem - Nidaros 38
FN-møte om stadnamn 38
Norsk i Amerika 39
Studentarbeid om namn 41
Tillegg til namnebibliografi 1989 og 1990 43

FORMANNEN HAR ORDET

Det er ei storhending både nasjonalt og internasjonalt når me no har fått ei eiga lov om stadnamn. Sjølv om lova gjeld *skrivemåten* av stadnamn i offentleg bruk, er ho i sin intensjon òg ei kulturminnelov. I sitt utkast til lov (NOU 1983:6) gjorde Stadnamnutvalet framlegg om fylgjande ordlyd i pgr. 1: "Denne lova gjev reglar om skrivemåten av stadnamn. Formålet med å gje reglane er at stadnamna i riket til saman skal utgjera eit einskapleg namneverk og at stadnamn skal takast vare på som kulturminne."

Dette leddet er ikkje halde oppe i føremålsparagrafen i lova, men i merknadene til lovutkastet har departementet sagt seg samd i eit slikt føremål; det trong berre ikkje nemnast beinveges i lova.

Ut frå sin eigen føremålsparagraf er det nettopp ei lov med ein kulturminneprofil Norsk namnelag har ynskt. Det arbeidet laget utfører, skal "vere til gagn for folk og land i det heile og vitskap og kultur særskilt".

No kan kulturminne definerast på ulike vis. Somme vil hevda at dei målførenære formene best tek vare på den namneskatten tidlegare generasjonar har overlate oss. Andre meiner at streng etymologisk normering etter vanlege rettskrivingsreglar gjev det tryggaste grunnlaget for å hegda om namna. Atter andre ser på dei innarbeidde skriftformene i den mon dei finst, som ein viktig kulturspegel. Slike kryssande interesser har lovgjevaren prøvd å ta omsyn til.

Resultatet synest då òg å verta at den einskapen som har vore eit mål for tidlegare normering, vil verta veikt. Truleg er tida i ferd med å renna frå den sentralistiske normeringstradisjonen til føremon for ein meir pluralistisk praksis der mange ulike partar kjem inn i prosessen mot ein vedteken skrivemåte. Denne nye framgangsmåten er sikra m.a. gjennom lokal høyring, regionale konsulenttenester og fastsetjing av namn på fylkes- og kommuneplan.

Det ligg tvillaust mykje positivt i ei slik "tilbakeføring" av rådgjeving og vedtak om skrivemåten av stadnamn. Men det ligg òg ein fare i at dei som skrik høgast, vert mest høyrde. "Vi seier Bråtån, men det heiter Braathen," kan ein høyra frå somme.

Sjølv om korkje "aa" eller "th" er aktuelle bokstavkombinasjonar etter stadnamnlova, er motsetninga mellom talemålsform og skriftform ofte brysam.

For Namnelaget er det no som før ei oppgåve å arbeida for den folkelege namneskatten og å gje rom på kart og i register for dei formene som svarar

til det nedervde tungemålet. Å kle desse i ei skriftform etter gjeldande rettskrivingsprinsipp, er på ingen måte noko brot med kulturminnetanken.

Detaljane i regelverket står det att å utforma. Men me har fått ei lov som, om ho vert godt forvalta, kan vera med å sikra den heimlege namnetradisjonen.

BH

DEN NYE NAMNEKONSULENTTENESTA

Ein stor del av Nytt om namn nr. 11 - 1990 var vigd den nye stadnamnlova som vart sanksjonert av Kongen 18. mai i fjor. Lova tok til å gjelda frå den 1. juli i år, og frå same datoen er det oppretta regionale namnekonsulenttenester.

Namnekonsulenttenesta er delt inn i fire universitetsområde med to oppnemnde konsulentar for kvart område og med fast tilsette sekretærar med namnefagleg bakgrunn. I tillegg er det ei eiga konsulentteneste for finske og samiske namn.

Den viktigaste oppgåva for konsulenttenesta er å gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetja skrivemåten for stadnamn. I tillegg kan dei svara på spørsmål om namnsetjing, stadnamn og stadnamnbruk generelt.

Nemnast må det òg at det er oppretta eit sentralt stadnamnregister ved Statens kartverk på Hønefoss. Alle vedtak om skrivemåte må meldast til registeret, og alle interesserte kan venda seg dit for å få vita om det er fastsett skriftform for eit bestemt namn. I samband med dette registeret er det også ved Kartverket oppretta ei stilling for ein namnekunnig person.

Her følgjer eit oversyn over konsulenttenestene:

1. *Namnekonsulenttenesta for norskspråklege stadnamn i Nord-Noreg* (Finnmark, Troms og Nordland unnateke Helgeland).

Konsulentar er professor Tove Bull og førsteamanuensis Endre Mørck, Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.

Sekretær er Aud-Kirsti Pedersen og adressa er:

Namnekonsulenttenesta/Navnekonsulenttjenesten
Institutt for språk og litteratur
Universitetet i Tromsø

Postboks 1090 Breivika
9001 TROMSØ
tlf. 083-44278

2. *Namnekonsulenttenesta for Trøndelag og tilgrensande område* (Sør- og Nord-Trøndelag, Helgeland i Nordland og Romsdal og Nordmøre i Møre og Romsdal).

Konsulentar er professor Jørn Sandnes, Historisk institutt, og førsteamanuensis Ola Stemshaug, Nordisk institutt, Den allmennvitskaplege høgskolen, Universitetet i Trondheim.

Sekretær er Tor Erik Jenstad og adressa er:

Namnekonsulenttenesta/Navnekonsulenttjenesten
Nordisk institutt
Den allmennvitskaplege høgskolen
Universitetet i Trondheim
7055 DRAGVOLL
07-596402

3. *Namnekonsulenttenesta for Vestlandet* (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre i Møre og Romsdal).

Konsulentar er professor Oddvar Nes og førsteamanuensis Ole-Jørgen Johannessen, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

Sekretær er Kjell Erik Steinbru og adressa er:

Namnekonsulenttenesta/Navnekonsulenttjenesten
Nordisk institutt
Universitetet i Bergen
Sydnesplass 9
5007 BERGEN
tlf. 05-212411

4. *Namnekonsulenttenesta for Austlandet med Agderfylka.*

Konsulentar er professor Eyvind Fjeld Halvorsen, Avdeling for nordisk språk og litteratur, og førsteamanuensis Botolv Helleland, Avdeling for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo.

Sekretær er Terje Larsen og adressa er:

Namnekonsulenttenesta/Navnekonsulenttjenesten
Avdeling for namnegransking
Universitetet i Oslo
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3
tlf. 02-854380/854375

5. *Namnekonsulenttenesta for samiske og finske stadnamn i Nord-Noreg.*
Konsulent for nordsamiske stadnamn er forskar Kjell Kemi, Nordisk samisk institutt, Guovdageaidnu/Kautokeino.
Konsulent for lulesamiske stadnamn er høgskolelærar Mikal Urheim, Bodø lærarhøgskole.
Konsulent for sørsamiske stadnamn er professor Ole Henrik Magga, Guovdageaidnu/Kautokeino, president i Sametinget.
Konsulent for finske stadnamn er amanuensis Eira Söderholm, Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
Sekretær er Kaisa Rautio Helander og adressa er:

Kaisa Rautio Helander
Sámi Allaskuvla/Samisk høgskole
9520 GUOVDAGEAIDNU/KAUTOKEINO
tlf. 084-56888

6. *Stadnamnregisteret ved Statens kartverk.*
Ansvarleg for registeret er førstekonsulent Anne Svanevik.
Adressa er:

Anne Svanevik
Landkartdivisjonen
Statens kartverk
3500 HØNEFOSS
tlf. 067-18265

Det er oppretta ei klagenemnd for stadnamnsaker. Sekretariatet for klagenemnda er lagt til namnekonsulenttenesta for Austlandet og har same adresse.

Terje Larsen
Oslo

SAMRÅDINGSMØTE FOR NAMNEKONSULENTTENESTA
på Granavollen

Helga 18.-20. oktober var den nyoppretta namnekonsulenttenesta samla til eit fyrste samrådingsmøte på det tradisjonsrike Granavolden Gjæstgiveri på Gran på Hadeland. Formålet med møtet var fyrst og fremst å drøfta dei administrative sidene ved regelverket, men òg faglege sider, samarbeidsformer og rutinar stod på dagsordenen. Dessutan hadde møtet ei sosial side: å gjera dei tilsette i denne tenesta kjende med kvarandre. Det er kanskje ikkje minst viktig i ei lita og spreidd statsteneste som arbeider med eit emne dei fleste har ei meining om, og der det er grunnleggjande at ein har ei felles plattform. Dei aller fleste hadde høve til å møta, og i tillegg var Kulturdepartementet sentralt, tidlegare konsulentsekretærar, Norsk språkråd og Kartverket representerte.

Møtet vart innleidd fredag ettermiddag, og denne delen var sett av til presentasjonar, situasjonsrapportar frå dei ulike konsulenttenestene og gjennomgang av møteopplegget. Dagen vart avslutta med middag og samvær i Gregerstua, som vart bygd som skysstasjon og gjestgiveri i 1647. Her gav professor Fjeld Halvorsen ei spirituell og uhøgtidleg innføring i Hadelands og Granavollens historie for eit lydhøyrt publikum.

Hovuddelen av formiddagsøkta laurdag var vigd lovverket, og det var Halldis Sandsdalen som stod for det meste av denne gjennomgangen. For oss stadnamnfolk som stort sett har vore opptekne av etymologi og gamle skriftformer, kan det nok bli ei omstilling stadig å måtta ta omsyn til forvaltningslov, offentlighetslov og mållov, men Sandsdalen streka under kor viktig det er at ein følgjer desse, slik at ein unngår klager på saksbehandlinga. Også kommunestyrelov, delingslov og grunnskulelov kan koma inn i bildet, og om dette innleidde Botolv Helleland. Han fortalde òg frå si tid som stadnamnkonsulent før vi fekk stadnamnlova, medan Kristin Bakken gav ei levande skildring av arbeidet som konsulentsekretær i ei tid då ressursane var små og saksmengda auka og auka.

Statens kartverk er ein sentral institusjon når det gjeld stadnamnbruk og stadnamnnormering. Derfor vart det òg oppretta ei ny stilling ved Kartverket på Hønefoss i samband med den nye stadnamnlova. Det er Anne Svanevik som har denne stillinga, og ho gav ei grundig innføring i korleis Kartverket har møtt den nye situasjonen. Der tek dei oppgåva svært seriøst, ikkje minst fordi hovudtyngda av reaksjonane på kart går nettopp på namna. Det er m.a. oppretta eit namneråd som skal gje retningsliner for namne-

behandlinga i Kartverket og ta prinsippavgjerder. Svanevik orienterte også om det sentrale stadnamnregisteret som blir bygd opp på Hønefoss, og som no inneheld 340 000 namn.

Å normera norskspråklege stadnamn kan ofte vera vanskeleg, og det er mange omsyn å ta. Likevel er nok desse problema små i høve til det dei har å stri med i dei trespråklege områda i Nord-Noreg. Aud-Kirsti Pedersen og Kaisa Rautio Helander gav oss eit innblikk i nokre av sakene dei har å hanskast med, og den største vansken var mangelen på innsamla materiale. Andre problem var t.d. å måla kva for namneform som er "mest brukt på staden" og kva for ei som har "lengst tradisjon", som det står i lova. Og i kva rekkefølgje skal namna stå når tre former skal førast opp? I dette siste tilfellet kom namnekonsulenttenesta i Nord-Noreg fram til at dei som hovudregel vil rå til denne rekkefølgja: norsk, samisk, finsk. I dei seks samiske kommunane er tilrådinga samisk, norsk, finsk.

Medan det var dei administrative og lovtekniske sidene som stod i framgrunnen laurdag, var sundagsmøtet sett av til praktiseringa av forskriftene. Eit spørsmål som vart drøfta, var kva haldning namnekonsulentane skal ha etter at lova har teke til å gjelda. Det var semje om at ein måtte prøva å få til samordna initiativ - også av offensiv karakter, men utan å provosera. Det vart streka under at det er viktig at ein har eit godt samarbeidsklima mellom namnekonsulenttenestene og dei ulike forvaltningsorgana.

Av konkrete normeringsproblem som vart tekne opp, kan nemnast typen Nordberg/Nord-Berg/Berg n, Kvisvik/Kvisvika, Gavl-/Gavel-/Gavvel-/, sæter/seter, skjer/skjær. Og korleis skal ein stille seg til namn som Skog/Skau med tilhøyrande relasjonsnamn som Ødeskog, Skogslettåsen, Skogsæterstulen, Skogskroken? Skal slike namnegrupper harmoniserast? I det heile er spørsmåla mange og svara førebels få. Forskriftene for norske namn er også generelle, og frå fleire hald vart det etterlyst meir detaljerte reglar å normera etter. For å få fortgang i dette arbeidet vart det derfor vedteke å velja ei arbeidsgruppe som skal koma med framlegg til meir detaljerte forskrifter. Med i denne gruppa vart Aud-Kirsti Pedersen, Ola Stemshaug, Ole-Jørgen Johannessen, Halldis Sandsdalen, Botolv Helleland og Terje Larsen. Og med dette vedtaket munna møtet ut.

Terje Larsen
Oslo

DIPLOM FOR GODT NAMNEVETT

I førre nr. av Nytt om namn skreiv Svein Nestor om at Språkrådet ville dele ut **diplom for godt namnevett** som ein lekk i Aksjonen for språkleg miljøvern. Det tok fort til å strøyme på med framlegg til kandidatar, og til no har det komi om lag to hundre. Det første diplomet vart gjevi til skoleavisa *Skulsekkjin* på øya Sekken i Molde. Ordførar Rolf Myhre overrekte diplomet på vegner av Språkrådet. Det skjedde alt 18. juni. Den 15. oktober var det stor tilstelling i Det Norske Teatret, med utdeling av diplom til seks butikkar og firma i Oslo. Diploma gjekk til

blomsterforretninga *Bekkeblomst* på Bekkestua
serviseutleigefirmaet *Den Flyvende Tallerken*
sykkelverkstaden *Den Rustne Eike*
undertøysforretninga *Det Lille Under*
fiskeutstyrsforretninga *Fast Fisk*
bodfirmaet *Glade Hjul*

Leiaren i Norsk språkråd, Geirr Wiggen, fortalde om bakgrunnen og føremålet med namnevettdiplomet, og leiaren i kultur- og utdanningskomiteen i Oslo, Anne Marie Tannæs, stod for utdelinga. Tilskipinga fekk gledeleg godt oppslag m.a. i Aftenposten dagen etter.

STADNAMNPROSJEKTET I NORDLAND

Stadnamnprosjektet i Nordland vart drege i gang 1986-87 som eit forprosjekt innsikta på Vesterålen (og Lofoten), med lektor Finn Myrvang engasjert på deltid, med tilskot frå Norsk Kulturfond, Kultur- og vitskapsdepartementet og frå universiteta i Oslo og Tromsø, som var initiativtakarar. Prosjektet vart dette første året formelt administrert av Vesterålens bygdemuseum og kultursentrum, Melbu (som no heiter Vesterålmuseet).

Nordland fylkeskommune ytte ikkje tilskott til forprosjektet, men trådde til året etter, vel å merke avhengig av dei statlege tilskott, med engasjement på heiltid for prosjektleiar. Heile Nordland skulle no i prinsippet vere arbeidsfelt. I styringsgruppa for prosjektet sit representantar for universiteta i Tromsø og Trondheim, for Bodø lærarhøgskule, for kultur- og fritidsavdelinga i Nordland fylke samt observatørar frå fylkeskartkontoret, som i eitt tilfelle og etter søknad også har ytt midlar til prosjektet.

Det er ikkje små mengder stadnamn som er komne inn hittil: Vel 30 500 namn er lagde inn i databasen, og eit ganske stort tilfang står for tur. Det er ikkje telt opp, med unntak for 3 000 namn frå Lødingen som alt er kontrollerte og supplerte på ymse måtar, og 1 739 namn frå Evenes. Med vissa kan altså seiast at langt over 35 000 namn er samla inn hittil. Innsamlinga måtte reknast som fullført for kommunane Steigen (7 250 namn), Værøy, Røst, Lødingen, Evenes og Bø og er kommen svært langt for fleire andre. Men ein kompliserande faktor for Røst, Lødingen og Steigen (med Nordfold) er at det nettopp har dukka opp til dels store bunkar med skolebarnsoppskrifter frå 1936 som ingen visste om til no. Dette er verdifullt, men medfører sjølvsagt mykje ekstraarbeid.

Kultur- og fritidsavdelinga i fylket har av PR-omsyn gått inn for å få gitt ut ei bok om stadnamn frå eit eller anna distrikt i Nordland, og kommunane Værøy og Røst er blinka ut i denne samanhengen. Arbeidet med denne boka har tatt svært mykje av prosjektleiaren si tid første halvår 1991, av di det tidlegare innsamlingsarbeidet var utført med (forstørra) M 711-kart som hjelpemiddel; men i mellomtida fekk kommunane ØK. Med tanke på bokprosjektet vart det derfor naudsynt å kontrollere dei tidlegare plassfestingane. For det andre bør etymologiane i den påtenkte namneboka (no ferdig i manus) vere mange hakk meir kritisk gjennomarbeidde enn dei tentative forklaringane du vanlegvis kan nøye deg med i merknadsrubrikken i ein database. - Boka som ikkje kjem ut før i 1992, blir utgitt

på og i samarbeid med forlaget Lofotboka på Værøy, og lokalkjende vil vite at dette garanterer for teknisk høg kvalitet på fleire måtar.

Mykje kunne vere å seie om mellomspelet knytt til ei namnebok - men tilbake til innsamlingsarbeidet: Røynslene så langt går m.a. ut på at det ingen stad er tid å misse, av di gode informantar jamt blir færre. Og det er unnatak at kommunale kulturkontor, historielag eller kva det kan vere har kapasitet til å ha det jamne tilsynet med samlearbeidet, etter at det har kome i gang. Det finst lokale eldsjeler somme stader, og dei er gull verd, men normalt er det prosjektleiaren sjølv som må rekne med å halde sine kontaktar høvelig varme, og under dette må han både ta omsyn til rett tid på døgnet, veka og året: Den hektiske nordlandssommaren er såleis inga god tid for nedskriving av namn, men samtidig er det mykje fråflytta folk heime på ferie just på denne tida.

Like fullt bør prosjektleiar under innlegginga i database konsentrere seg om éin kommune av gongen, intervju medrekna! dersom han skal oppnå oversyn og daglig framskuv. Så her er det duka for kryspress.

Det blir ikkje kravt bandopptak av informant, for på den måten kan ein nytte potensielle nedskrivarar som elles ville sett det ulikt å gå i gang. Men det medfører at etterarbeidet i form av telefonintervju blir utslagsgjevande for presisjonsnivået og den framtidige bruksverdien til databasen: I det arbeidet er det om å gjere å finne den gylne veg mellom rein perfeksjonisme på den eine sida og forstandig utnytting av informanten på den andre (rett ofte kjem du i kontakt med folk som er den siste habile informant frå vedk. matrikkelgard).

Nordland har i dag 45 kommunar og vel 70 kyrkjesokn. Djupinnsamlinga i Steigen har gitt 7 250 stadnamn, og med ganske få unnatak vil tala bli om lag like store for dei andre kommunane. Dette er altså ingen sovejobb. - Når prosjektleiar får spørsmål om kor lang tid det kan ta før arbeidet er fullført over *heile* Nordland, er det derfor "pinefullt" å formulere seg såleis at det kan tilfredsstille folk som forventar ei grei utmåling i form av så og så mange år og månader! - Men så mykje kan i alle fall seiast, at no står Helgeland for tur.

Arbeidet med nedskriving og kartfesting har elles så mange sider: Det første arbeidet eg utførte med innlegging av namn frå Andøya kom til å skje utan kartreferansar, av di ØK ikkje endå fanst. Det viste seg snart å vere ein metodisk blindveg: Då ØK-blad endelig låg føre, vart namna nemlig liggande hulter til bulter i høve til den systematikk kartbladet innbyr til. Det går nemlig mykje raskare å bruke innlastingsprogram med "sløyfe" når

ØK-blad med namnemarkering ligg føre, enn å utføre førehandsinnlegging av namna utan kart og med planar om å føye til kartreferansane *seinare*.

Eit litt uventa poeng i samband med dei to bygdene der eg sjølv er best kjend, Andøya og Bø, er at eg hadde vore såpass tidleg ute med nedskriving av namn at eg i ettertid har visse vanskar med å finne informantar som er i stand til å kartfeste alt i hop! Den same lokalkunnskapen gjer at eg nokså snart får aning om kor opplysningane er utilstrekkelige eller misvisande. Samtidig er røynsler som desse med på å understreke at det var på høg tid å komme i gang med namneprosjektet!

Det er eit vilkår at kommunar som er med i stadnamnprosjektet, stiller til rådvelde 2 eksemplar av kvart ØK-blad som trengst. Så skjer gjerne òg, men det hender at det berre kjem eitt: Årsaka er nok oftast reine umaken (det er meir snøgt å kopiere berre eitt!). Dette var lenge ein hemsko, men siste året har stoda forbetra seg, etter at prosjektet fekk kopieringsmaskin der det etter forminsking til 79 % går greitt å kopiere eit ØK-blad over på fire A4-ark. Ei slik forminsking er akseptabel for dei fleste formål.

Prosjektet sine interesser på kort og lang sikt kan naturlig nok ikkje alltid sameinast. På vårparten 1990 brukte prosjektleiaren tid på å sette seg inn i omgangen med programvare som kunne gje skarp og god utskriving med laserskrivar, samt på å få til utskriving av innlagt materiale også i form av tradisjonelle arkivkort. Redigering (oppsett) for desse siste er lagt så nær opp til Norsk Stadnamnarkiv sine kort som råd, og i samråd med dei.

Prosjektleiaren har òg vore inne i biletet i samband med meir sporadisk namneinnsamling utført av skoleborn, i enkelte kommunar. Dette er eit rettleiings- og rådgivararbeid som det er lite ønskelig å seie nei til, når skolekontor, lokalaviser o.a. er positive, endå om arbeidet vanligvis ikkje kastar av seg dei heilt store namnemengdene, og sjølv om beinveges innsamling ved vaksne ville vist seg meir effektivt. Men trulig skal ein ikkje tenke for smått om den interesse-mobilisering blant besteforeldre o.a. som den slags tiltak kan føre til.

Også i ein del andre tilfelle kan det vere lite tilrådelig å svare tvert nei, enten det no dreier seg om stadnamnproblem eller folketradisjon på område som ligg nær opptil: Det kan gjelde spørsmål frå gymnas- og lærarhøgskoleelevar som har valt stadnamn som emne i norsk, frå lokalradiostasjonar om stadnamn og/eller "rare ord", planlegging av regionale databasar, reisehandbøker o.a. I eit fylke der det formelt ikkje finst akademiske forskarstillingar for stadnamngranskarar, må ein berre sjå det som positivt

at "interessentane" iallfall spør seg fram til dei som arbeider med stadnamn i det daglige.

Finn Myrvang
Bø i Vesterålen

GARDERMO-PROSJEKTET

Prosjektet

Gardermo-prosjektet (se Nytt om namn nr. 13, 1991) er nå i god gjenge. Ved Avdeling for namnegransking samarbeider vi med Kulturminneprosjekt Gardermoen under Akershus fylkeskommune og kulturkontorene i Ullensaker og Nannestad kommuner. Til sammen seks innsamlere har i sommer og høst tatt del i innsamlingsarbeidet. I Nannestad er dypinnsamlingen fullført, med kartfesting; lydbåndopptak og lydskrift mangler ennå. I Ullensaker er det stort sett samlet rundt flyplassen, på gårdene Sundby og Garder. Det er også antydet et relokaliseringsområde for Forsvaret rundt Hovi-fjellet i Ullensaker, der er det også foretatt en del dypinnsamlinger.

Rapporter

Det er til nå levert to rapporter, en delrapport om navn levert sammen med Kulturminneprosjektets rapport til Luftfartsverket, og en rapport til Forsvaret om det antatte relokaliseringsområdet. Endelig rapport med konsekvensanalyse for hele området skal leveres 1. desember. I den første rapporten vurderte vi østre og vestre alternativ. Østre alternativ omfatter områder som allerede lenge har vært brukt av Forsvaret, gårdene Trandum og Flatner er forlengst opphørt som landbruksområder, og med det er mange navn som inneholder spor etter drift og dyrkning, allerede tapt. I vest er det fremdeles store jordbruksarealer, og selv om plassnavn vitner om håndverk, handel og ferdsel i de siste hundreårene, finner vi også navn som røper skogs- og jordbruk gjennom lange tider. Fra et navnehistorisk synspunkt er derfor østre alternativ absolutt å foretrekke.

Videre arbeid

Det gjenstår fremdeles en del innsamlingsarbeid i Ullensaker. I begge kommunene mangler lydbåndopptak, og deretter må det skrives lydskrift. Ved Avdeling for namnegransking har vi fått dataregistrert Kåre Hoels

innsamlinger av bostedsnavn fra 1951-53, og særlig plassnavnopplysningene der har vært nyttige for de foreløpige rapportene. Registreringsarbeid som gjenstår er alt det innsamlede materialet fra kommunene, der er vi bare såvidt kommet i gang. Det gjenstår også en grundigere filologisk og navnehistorisk analyse av det materialet som til nå er samlet inn. En av våre hovedfagsstudenter er interessert i å knytte sitt arbeid til prosjektet. Prosjektet skal være ferdig 30. juni 1992.

Sigrid Salen
Oslo

KONFERANSERAPPORTAR UNDER UTSENDING

To konferanserapportar er no under utsending. Det gjeld 1988-konferansen om skriftleg og munnleg normering av stadnamn, og 1990-konferansen om vitskaplege prosjekt i namnegransking. Avdeling for namnegransking er ansvarleg for begge.

NYREDIGERT SAMLING AV STADNAMN I ODDA

Tormod K. Eitrheim legg fram namnesamling

Sidan 1920-åra har ein stor del av stadnamntilfanget i Odda vorte samla inn. Nokså mange tusen namn finst no på arkivkort, i manuskript, særoppgåver og større stensilerte eller utgjevne bøker. Ein god del finst i Odda bibliotek, men det er Nordisk institutt i Bergen som har den mest komplette samlinga av stadnamn i Odda. Her finst m.a. 2500 stadnamn innsamla av skuleborn i 1930-40-åra.

Av trykte arbeid bør fyrst og fremst nemnast Mentz Rynning Nielsen: *Noko om stadnamn i Odda* (utgj. i 1958 ved Olav Kolltveit). Hovudoppgåva til Hermund Fenne: *Stadnamn i Oddadalen og tilgrensande fjellområde* (1976) er det mest utførlege vitskaplege arbeidet. Nyttige opplysningar om stadnamn i kommunen vil ein òg finna i dei mange særoppgåvene ved Odda gymnas.

Den største einskildsamlinga i manuskriptform er den som Kristofer Eitrheim med rettleiing av Olai Skulerud la til rette i 1940-åra. Dette er eit

maskinskrive manuskript (etter eit handskrive originalmanuskript) på 213 sider med tittelen *Ord bruka i stadnamn ("innangardsnamn") frå Odda herad, åleine, til siste eller fyrste lekk.* Det inneheld fleire tusen stadnamn frå Odda.

Manuskriptet etter Kristofer Eitrheim har ikkje vore lett tilgjengeleg, dessutan er det noko tunglese. Difor er det med god grunn at sonen Tormod no har teke på seg å redigera tilfanget og laga dei to hefta *Stadnamn frå gardane i Odda herad. Samla i 1920-åri av skuleinspektør Kristofer Eitrheim.*

Fyrste delen (286 ord, 19 s.) tek for seg usamansette stadnamn som *Stana* (til *stod* f. 'stad der noko står'), *Struten*, til *strut* m. 'kjegleforma spiss'), *Vomb*, til *vomb* f., ordna alfabetisk. Den andre delen (667 ord, 64 s.) er ordna etter fyrstelekk, t.d. *kurla* 'gje ein skurrande lyd' i *Kurlevoll*, *mjå* 'smal' i *Mjåskor*. Dei fleste namna er forsynte med nummeret på den garden dei høyrer til (eller høyrde til, for fleirtalet av desse namna er nok ikkje lenger i bruk). Dei einskilde namna er oppførte med ei enkel lydskrift som nokså godt gjev att den lokale uttalen.

Så vidt eg kan sjå, er det meste av ordtilfanget og dei viktigaste opplysningane i originalmanuset komne med. Men eg skulle sett at alt var ordrett attgjeve. Nokre gonger har utgjevaren supplert varsamt med tilleggsopplysningar. Einskilde oppslag saknar eg, t.d. *Krenke* i *Krenkesflot* (Bokko). Når det gjeld redigeringa, ville det i samsvar med vanleg praksis vore rettare å halda både usamansette stadnamn og sisteleddet i samansette namn saman (hovudledd).

Det er eit viktig redigeringsarbeid Tormod K. Eitrheim her har utført. Med tanke på vidare mangfaldiggjering og utgjeving ville det vera nyttig å gå gjennom hefta for å få bort ein del trykkfeil. I eit fylgjeskriv nemner Tormod at han alt har tenkt på dette.

Det er eit svært spanande og mangfaldig tilfang som er med i samlinga etter Kristofer Eitrheim. Stadnamnarbeidet i Odda er likevel ikkje fullført med dette. I samarbeid med Nordisk institutt i Bergen bør kommunen setja opp fylgjande program: 1. Komplettera og kartfesta dei samlingane som ikkje er fullstendige. 2. Samla inn frå dei områda som står att. 3. Dataregistrera tilfanget. 4. Gje ut ei stadnamnbok for kommunen.

Nett i det Nytt om namn er prenteferdig, har eg fått i hende ei nyredigert utgåve *Ord bruka i stadnamn frå Odda herad, åleine, til siste eller fyrste lekk. Samla av skuleinspektør Kristofer Eitrheim.* Redigert av Tormod K.

Eitrheim. Heftet er på 87 maskinskrivne sider og har 963 ulike oppslagsord, men eit mykje høgre tal namn er nemnde i framstillinga.

BH

Blir du med på namneinnsamling?

BESSEGGEN ELLER BESSEGGI?

I Aftenposten har det atter vori diskusjon om stadnamnformer og normeringspraksis. I eit innlegg 9. oktober retta Fredrik Norman kraftig kritikk mot skrivemåten av namn på kart over Jotunheimen. Han meiner det ikkje bør "klussast" med namneformer som har hevd i turistmiljøet, sjølv om den lokale uttalen, språksystemet og normeringsreglane skulle tilseie ei anna form. På leiarplass dagen etter gav Aftenposten full støtte til Normans syn. Framstillinga hadde begge gonger ein slik karakter at både Statens namnekonsulent og Statens kartverk fann grunn til å reagere. Vi prentar her leiarartikkelen og dei to svara.

Aftenpostens leiar under overskrifta "Besseggi" :

Det er noe som heter å være klåfingret. Denslags tendenser kan gi seg utslag på alle områder, i Norge ikke minst på det sproglige. Her er Statens kartverk blant dem som ikke makter å tøyle sine kludre-tilbøyeligheter.

I et leserinnlegg i Aftenposten ble det igår gjort oppmerksom på dette verks besynderlige fremferd i vår mest folkekjære fjellheim, Jotunheimen. Hva i all verden er det som foregår når man plutselig, i to kartsett, finner det for godt å forandre tallrike og tradisjonsrike navn på fjell og daler i Peer Gynts rike?

Hvorfor er for eksempel Besseggen blitt til Besseggi? Eller Fannaråken til Fannaråki, Sognefjell til Sygnefjell, Skagastølsbreen til Skardstølsbreen? Hvorfor forsvinner a-endelser til fordel for i-endelser? Hvorfor blir alle juv til gjuv? Listen kan gjøres forstemmende lang.

Og med hvilken rett er det egentlig at Statens kartverk trer inn i omdøperrollen? Hva slags makthaveri er det som gir seg utslag i klussing med navn som er dypt rotfestet i det store, store flertall av nordmenn? Vi har i det vesentligste lagt sprogstriden bak oss her i landet, og takk og pris for det. Da bør vi også slippe denne type påfunn fra en offentlig etat.

At det dessuten kryr av innbyrdes navne-uoverensstemmelser mellom de to kartsett, som ble utgitt på omtrent samme tid, gjør ikke saken bedre. Ved neste Jotunheimen-korsvei bør Statens kartverk konsentrere seg om konsekvens og klarhet i sine produkter - og igjen la fjell og daler hete hva de heter. Sproglig nybrottsiver får man kanalisere inn i private former.

Botolv Helleland, Statens namnekonsulent:

Fredrik Normans kraftsalve i Aftenposten 9.10. mot stedsnavnpraksisen på kart fra Statens kartverk forundrer ikke. I innlegget går han til felts mot skrivemåten av navn som *Besseggi* på kart over Jotunheimen og framfører her en rekke påstander som han har fått på trykk flere ganger, bl.a. i Turistforeningens blad Fjell og Vidde nr. 2 1987. Undertegnede gjorde da (i Fjell og Vidde nr. 4 samme år) rede for reglene som gjaldt for navnsetting på offentlige kart.

Derimot forundrer det at et vanligvis saklig organ som Aftenposten dagen etter Normans innlegg følger opp med en leder som bygger på samme manglende innsikt i hvilke prinsipper som ligger til grunn for oppkomst, tradering og bruk av stedsnavn. Påstander som "kludretilbøyeligheter" og "klussing med navn" får stå for lederskribentens regning. At vi har hatt sentralt fastsatte regler for skrivemåten av navn på kart siden 1913, og nå dessuten har fått et lovfestet grunnlag for fastsetting av skrivemåten av stedsnavn, synes ukjent for Norman såvel som for Aftenposten.

I stedsnavnreglene fra 1913 heter det at "den stedegne uttale mest mulig søkes gjengit ..., men forannævnte hovedregel modificeres og normaliseres, idet der med hensyn til bøiningsformer og stavemaate fastslaaes følgende hovedprinciper ...". Blant disse hovedprinsippene er at hunkjønnsord skal skrives med endelsen *-i*, *-a*, *-o* (etter en dialektbasert fordeling). Etter dette prinsippet skulle et navn med den lokale uttalen "Besseggje", dativ "Besseggen", skrives *Besseggi*. Her skal det tilføyes at (den yngre) hankjønnsformen *-eggen* også forekommer dialektalt. *Besseggi* kom ikke på kartet umiddelbart, men gradteigskartet fra 1938 har i alle fall denne skrivemåten. Det er således ingenlunde noen navneforandring som her er foretatt fra Kartverkets side. Derimot har J. W. Cappelens Jotunheim-kart *en*-endelse i *Besseggen*, ellers *a*-endelse i hunkjønnsord som etter reglene skulle ha *i*-endelse, f.eks. *Surtningssua* mot *Surtningssui* etter reglene. Derimot har Cappelen sløyfet endelsene i navn på *-hø*, f.eks. *Gråhø*. Lokal uttale er "Gråhøe", og navnet er korrekt skrevet *Gråhøi* av Statens kartverk.

Reglene for skrivemåten av stedsnavn har vært revidert med visse mellomrom. Fram til i år gjaldt forskrifter i henhold til Kronprinsregentens resolusjon av 31. mai 1957. Fra 1. juli gjelder den nye lov om stedsnavn. Både i de tidligere reglene og i loven er det et hovedprinsipp at den lokale, nedarvede uttalen skal legges til grunn for skrivemåten, samtidig som gjeldende rettskrivningsprinsipper skal følges. Stedsnavnloven innebærer

at man skal bruke de former i bokmål eller nynorsk (hovedformer eller sideformer) som passer best med uttalen. Dessuten skal man kunne bruke regionale dialektformer når det er tale om spesielle navneledd.

Av plasshensyn må jeg her nøye meg med å kommentere noen få av de eksemplene som er slått opp i Aftenposten. *Fannaråki* er uttalt "Fannaraoki" i Lærdal, sisteleddet er hunkjønnsordet *råk* som kan bety fjellrand. *Sygnefjellet* er uttalt med *y* i tradisjonelt Gudbrandsdals-mål, mens samme fjellstrekning fra gammelt er kalt *Dølafjellet* i Sogn. Både *Skagastølen* og *Skardsstølen* har gammel hevd i Luster, og i dette tilfellet er begge navneformene brukt på Kartverkets utgave. Når elvenavnet *Utla* blir brukt som førsteledd i *Utledalen*, skrives bindevokalen *e* etter dialekten. I navn som *Glittertinden* høres ikke den bestemte artikkelen så lett for den som ikke kjenner målføret, men den bestemte formen kommer tydeligere til uttrykk i dativformen *Glittertinde*.

Selv om skrifttradisjonen veier med når stedsnavn fastsettes på kart, er det altså den lokale uttalen som er det viktigste grunnlaget. Det er altså ikke avgjørende hvilken navneform turistpionerene har innført gjennom sine reisebeskrivelser. Stedsnavnene i Jotunheimen og andre steder er stort sett mye eldre enn førstebestigningen av Skagastølstinden for vel hundre år siden. Det dreier seg om en kulturarv som er blitt til i den lokale dialekt, og som avspeiler lokalbefolkningens gradvise tilegnelse av naturen omkring.

Man kan være enige eller uenige i et regelverk. Men man bør ikke gå ut fra at Statens kartverk og dens navnekonsulenter manipulerer med et regelverk de er forpliktet til å følge.

Den nye loven om stedsnavn åpner for større lokal medvirkning ved fastsettelsen av skrivemåten. Det vil i sin tur gi et bedre materialgrunnlag for navnekonsulentene - samtidig som det forhåpentligvis vil føre til økt forståelse for en ansvarlig stedsnavnpleie.

Anne Svanevik, Statens kartverk:

Aftenposten hadde 9/10 et leserinnlegg av Fredrik Norman om navneformer på kart over Jotunheimen. Samme sak ble tatt opp på lederplass i avisen dagen etter. Statens kartverk (tidligere Norges geografiske oppmåling, NGO) vil gi følgende opplysninger i saken:

På baksiden av de nyeste kartene i 1:50 000-serien - også nyopptrykkene av kartbladene over Jotunheimen - finnes en redegjørelse for skrivemåten

av stedsnavn på kartene. Her går det frem at Kartverket forholder seg til anbefalingene fra Statens navnekonsulenter, som igjen bygger på de gjeldende retningslinjer for skrivemåten av stedsnavn. Denne praksisen følger Statens kartverk i alle produkter som er produsert med offentlige midler. For de aktuelle Jotunheim-kartene gjaldt "Føresegner om skrivemåten av stadnamn" fra 1957.

De navneformene Fredrik Norman refererer til, er ikke *plutselig* kommet på kartet, slik lederartikkelen gir inntrykk av. For eksempel er navnet *Besseggi*, som står som overskrift i lederartikkelen, skrevet på samme måte på gradteigskartet Sjodalen utgitt i 1938. Fredrik Normann nevner i sitt innlegg at de korrekte navneformene i Jotunheimen er innarbeidet gjennom Norges geografiske oppmålings kartblad Vest-, Midt- og Aust-Jotunheimen. Disse kartbladene er imidlertid direkte reproduksjoner av målebordsoriginaler og har ikke vært vurdert av navnekonsulentene, noe Fredrik Norman er gjort oppmerksom på i svarbrev fra NGO.

Inkonsekvensen mellom navneformene på Jotunheim-kartene i 1:50 000-serien og fjellkartet Jotunheimen i målestokk 1:100 000 er selvfølgelig sterkt å beklage. Sistnevnte kart er utgitt i fellesskap av Statens kartverk og J. W. Cappelens forlag. Etter initiativ fra Cappelen ble det foretatt en ny navneredaksjon. Dette førte til noen avvikende navneformer.

Fra 1. juli i år gjelder Lov om stadnamn. Her gis regler for vedtak av offisielle skrivemåter av navn, som skal benyttes i all offentlig virksomhet. Statens kartverk har efter loven vedtaksrett for skrivemåten av mange av de navn som forekommer på kart. Vedtakene skal fattes av de enkelte fylkeskartkontorene på grunnlag av anbefaling fra Statens navnekonsulenter og lokale høringsuttalelser.

Fredrik Norman kom tilbake med eit nytt innlegg 4. november. Der presiserer han at dei namneformene byturistane er vane med, må ha førsteretten også på offentlege kart. Avvik frå desse formene er "forvanskede navneformer".

TRON ELLER TRONDEN?

"Gje oss Tron tilbake," lyder ei nesten samstemt klage frå folk i Alvdal. På eit folkemøte i Alvdal 1. november kom vreiden over Statens kartverk si siste utgåve av kartbladet Alvdal i 1:50 000 til uttrykk i sterke ordelag.

Tron hadde vorte til *Tronden*, *Sten* til *Steinen*, *Vestate* til *Vestatil* og *Vola* til *Vorda*. Statens namnekonsulent Botolv Helleland og attåtkonsulent Joleik Øverby hadde ei strid økt med å forklara at det låg både eit regelverk og eit system bak endringane. Sjølv om den bundne artikkelen ikkje kjem fram som eiga staving i uttalen /trånn/, viser dativforma /oppi 'trånna/ at namnet har bunden form. Sameleis vert *steinen* uttala /ste:n/ i nemneform og /'ste:na/ i dativform. Dei peikte vidare på at liksåvel som uttalen /"jo:ɻe/ svarar til ei skriftform *jorde*, bør det vera naturleg å skriva *vord* for uttalen /vo:ɻ/ og *varde* for uttalen /"va:ɻe/.

Namna på dette kartet vart fastsette før den nye stadnamnlova tok til å gjelda, og Helleland og Øverby viste til at det var høve til å nytta monoftong etter uttalen etter dei nye reglane, t.d. *Stenen* for *Steinen*. Derimot seier lova at ein skal nytta bunden artikkel etter målføret.

Ei rekkje av innvendingane mot namna på det nye kartet hadde bakgrunn i trykkfeil frå Statens kartverk si side, m.a. *Kvernbergsberget* for *Kvebergsberget*, *Klokkaren* for *Klokkaran* og *Åbbortjernan* for *Åbbortjørnan* (Kartet har Åbbortj^{an}, men denne forkortinga er feil oppløyst i registeret på baksida av kartet). Elles kom det kritikk mot gangstignettet på kartet. Mange gamle stigar var ikkje komne med, sjølv om dei var avmerkte på eldre kart. Andre var plasserte feil. Det var likevel semje om at kartet har ein tiltalande utsjånad og elles andre gode tekniske kvalitetar.

Meldar

NAMNET *OLAV* OG REFORMASJONEN

Fekk reformasjonen noko å seie for norsk personnamnskikk? Spørsmålet har vori framme ymse stader i faglitteraturen. Somme har tenkt seg at visse drag i namnebruken etter 1530-åra speglar av ein protest mot den nye læra. Sist og tydelegast i den retning har Jørn Sandnes uttala seg. I boka "Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500- og 1600-tallet"(Universitetsforlaget 1990, s. 114) skriv han:

> En reaksjon mot reformasjonen og Luthers lære er det trolig også når mannsnavnet *Olav* nettopp i løpet av 1500-tallet blir det klart vanligste, mens det tidligere ikke hadde hatt en slik dominerende stilling. Slik er det i hvert fall i Trøndelag, der jeg selv har undersøkt navneskikken. Det er nærliggende å

tro at dette knytter seg til et utbredt ønske om å holde fast på minnet om Sankt Olav, helgenkongen som nå i bokstavelig forstand ble kastet ut av kirkene. Navnebruken blir en slags sivil ulydighet.

Avsnittet står i bolken "Maktene og mentaliteten" i eit kapittel som heiter "Mentalitet og forbrytelse". Det er ein del av ein lengre diskusjon omkring folkelege former for protest mot Luthers lære.

Synspunktet eggjar til motlegg. Så vidt eg kan sjå, er ikkje dei faktiske tilhøva slik Sandnes hevdar, og da kan ikkje *Olav*-namnet brukast til å underbyggje hypotesen om ei allmenn protesthaldning heller - ei haldning det for øvrig ikkje er vanskeleg å finne **andre** utslag av.

Etter utrekningar eg har gjort for Trøndelag, er namnet *Olav* suverent på topp i listene over skipsskatten frå 1557 med 17 prosent (nr. to er *Jon* med 9.1 prosent). Høgst ligg det i Inderøy med 20.5 prosent, og lægst i Orkdal med 13.7 prosent. Dei fleste personane i dette materialet må vera over 20 år, og må dermed vera fødde før reformasjonen. I listene over tiendpengeskatten frå 1520 er namnet nesten like dominerande. Her har eg talfesta utbreiinga berre i Fosen og i Inn-Trøndelag frå Stjørdal og nordover til Li. I Fosen har Olav 16 prosent og i Stjørdal-Li 14.9 prosent. Listene frå 1520 viser ei namngjeving som i dei eldste delane når 70-80 år attanfor reformasjonen. Det synest vera litt meir lokal variasjon i 1520 enn i 1557, men totalinntrykket er likevel klårt nok. Både 1520- og 1557-materialet er så fyldig at det utan tvil gjev eit rett bilete av namnebruken i tida, med atterhald for at sjeldne, lokale namn kan fa falli ut. Frå 1557 og fram til listene over koppskatten i 1645 er det ingen endringar i toppen: *Olav* har der 16.6 prosent og *Jon* på andreplass 8.8 prosent.

Går vi attover att, er det først med namna i Aslak Bolts jordebok frå ca. 1430 at lista endrar seg. Der har *Olav* ein tarveleg sjetteplass med 3.5 prosent. *Jon* er på topp med 7.7 prosent og *Sigurd* nr. to med 5.4 prosent. Dette materialet er så lite (ca. 315 personar) at tala må brukast med varsemd, men hovudlinene skulle vera greie.

Materialet samla viser altså at det er 1400-talet som løfter *Olav* til dei store høgder i Trøndelag. Reformasjonen betyr ingen ting - ikkje statistisk iallfall. Det er andre utviklingar og som tyder på at siste del av seinmellomalderen var meir revolusjonerande for norsk namnebruk enn 1500-talet. Såleis legg kvinnenamnet *Anna* grunnlaget for ein nesten eventyrleg framgang nettopp da. Som Sandnes er eg overtydd om at namnebruken står i korrespondanse med mentaliteten. Det hadde vori ein tanke å prøve om

oppsvinget for *Olav* og *Anna* og visse andre helgennamn kunne knytast til krisene som ramma folk og samfunn utetter frå midten av 1300-talet. Sandnes seier sjølv at "det er fristende å tenke seg at den store manndauden i 1349 og pestbølgene i de følgende åra i høy grad økte folkets kollektive frykt" (s. 113). Kanskje har oppkalling etter heilagmenne vori éin måte å stille barnet under høgare vern på - eller å vise takksemd på, om ein hadde komi levande gjennom røyningane. Samtidig må ein ikkje gløyme kor mykje oppkalling etter slekt og andre "uheilage" personar har hatt å seie for namnebruken i all historisk tid. Slike val speglar òg av ei verdiorientering og eit impulspotensiale.

For ikkje å gjera Sandnes urett vil eg leggje til at avsnittet om *Olav* berre er ein detalj i ei svært interessant bok. Utgreiinga er prega av klåre problemstillingar og inngåande kjennskap til materialet. Både kjeldekritikken, drøftingane og resultata vil personnamngranskinga ha stor nytte av.

KK

ÅRETS PERSONNAMNBOK: *NAMNEBOKA* AV OLAV VEKA

Olav Veka: *Namneboka*. Det Norske Samlaget, Oslo, 1991. ISBN 82-521-3604-4. 175 sider. Innb. kr 148,-.

På forsommaren i år kom Olav Veka si namnebok. Boka reklamerer med å vere "den største i sitt slag, med over 3000 personnamn". I fjor blei mest det same sagt då *Den store navneboken* (av Johan Fredrik Køste og underteikna) kom. Med sine 3500 namn var ho "Norges mest omfattende navnebok". Eg har ikkje gjort noka samanliknande oppteljing. Gjer det den som lystar!

Det er gledeleg at Det Norske Samlaget gjer noko på personnamnfronten att. *Norsk personnamnleksikon*, som kom ut i 1982, har lenge vore utselt frå forlaget. Så får vi berre konstatere at Samlaget i denne omgangen valde å satse på den populærvitskaplege *Namneboka* framfor å stø oppunder det pågåande revisjonsarbeidet med personnamnleksikonet.

Ikkje misforstå! *Namneboka* er inga dårleg bok - tvert imot. Men populær er ho - "skriven for folk flest ... utan fagord og forkortingar". Og ho er svært normativ. I føreordet seier forfattaren i klårtekst at eit siktemål med boka er å styrke norsk namnetradisjon. Kapittelet med tittelen "Gode råd" oppmodar oss mellom anna til å bruke norske namn i Noreg, å skrive

namnet på norsk og å unngå motenamna. Vidare slår forfattaren fast at eitt førenamn er nok.

Boka gjengir også dei viktigaste reglane i personnamnlova, samt døme på godkjente og ikkje-godkjente førenamn. Dessutan har ho eit kapittel om namnestatistikk, med ulike typar frekvenstabellar. Mest interessante, fordi vi ikkje har sett dei på trykk før, er kanskje tabellane for barn fødde 1988-89. Landstabellen syner at *Ida* og *Thomas* ligg i toppen. I tillegg får vi, gjennom regiontabellar frå utvalde fylke og Oslo og Bergen, vite korleis toppnamna varierer kringom i landet.

Kartskissa med døme på namn som har eit visst lokalt tyngdepunkt, er også ny. Derimot har vi sett lista over tvikjønna namn og namnedagskalendrane (den nye og den gamle) før.

Leksikondelen er den viktigaste og største delen av boka. Den går over heile 129 sider, med jentenamn og gutenamn kvar for seg. Vi får opplysningar om opphav, tyding, utbreiing, frekvens og namnedag. Ved nokre (helst uvanlege) namn får vi opplyst om kjende personar med same namn. Alternative skrivemåtar og sideformer er nemnde under hovudoppslaget, i tillegg til at ein finn dei på alfabetisk plass som eige oppslag. Det gir eit ryddig inntrykk.

Litt kritikk: Under overskrifta "Mellomnamn" på s. 10 skriv Veka at det må søkjast særskilt dersom mellomnamnet skal gå vidare til neste generasjon saman med slektsnamnet. Det er ikkje heilt rett. Tvert om kan ein i dag utan vidare få som mellomnamn eit namn som har vore mellomnamn i dei to nærast foregåande generasjonane. Med omsyn til oppkalling (s. 11) ville eg ha vore litt varsamare enn kategorisk å slå fast at eldre familiemedlemer set stor pris på å få namnet sitt ført vidare gjennom ættledene. Mange av oss kjenner nok tilfelle der ei mormor eller ein farfar misliker namnet sitt og nettopp *ikkje* ynskjer å få det ført vidare.

På s. 12 og 13 stussar eg litt over overskriftene. Typografisk står "Norske namn" som overskrift til underkapitla "Medienamn", "Samiske og finske namn" og "Innvandrarnamn". Skal "Norske namn" tolkast som 'namn bruka i Noreg'? Det er i tilfelle uvanleg og burde ha vore nærare presisert. Upresist er det også å seie at *Synnøve* og *Kari* er lånt frå utlandet. Det er opphavsnamna *Sunniva* og *Katharina* som er innlånte. Formene *Synnøve* og *Kari* er utvikla på norsk grunn.

"Nokre foreldre er ikkje nøgde med vanlege førenamn ...", skriv forfattaren på s. 18, "... dei vil ha namn som både er "flottare" og "betre" enn

andre". Eg er ikkje overtydd om at det er grunnen til at dei set fantasien i sving. Derimot trur eg ynsket om originalitet er utslagsgivande.

Trass i desse kritiske merknadene: Hovudinntrykket er at Olav Veka har skrive ei god namnebok. Innbydande utsjånad har ho òg - med ein smilande gullunge på omslaget. Ei Ida eller ein Thomas?

Anne Svanevik
Oslo

Du skal bli glad i namn, Per! (fritt etter Vesaas)

STAVANGER OG ANDRE NAMN PÅ *-ANGER*

Gösta Holm: *De nordiska anger-namnen*. Lund University Press 1991. ISBN 91-7966-150-5.

Den svenske namnegranskaren professor Gösta Holm ved Lunds universitet har gjennom meir enn ein mannsalder arbeidd med nordiske namn på *anger*. Han har sjølv vore på så godt som alle dei stadene han har henta tilfang frå. No ligg resultatet føre i *De nordiska anger-namnen*, ein murstein av ei bok på over 800 sider, rikt illustrert med fotografi og kart.

Denne avhandlinga har interesse langt ut over fagmiljøet av di ho tek for seg eit stort tal ålment kjende namn. Ein tredjepart av boka er vigd dei norske *anger*-namna frå Østfold til Finnmark, t.d. *Kjøvangen*, *Langangen*, *Kvænangen*. Namneleddet *-ang(en)* går attende på eit eldre hankjønnsord *angr*, som ikkje er belagt i norrønt utanom i stadnamn. Dei fleste som har diskutert denne namnetypen tidlegare, har gått ut frå ei ordrot med tydinga 'trong (vik)'. Det høver med ein del av namna på *-ang(en)*, men ikkje alle. Gösta Holm argumenterer for at ein likså snart bør rekna med ei rot med grunntydinga 'bøygd', i så fall av same opphav som *ongul* 'fiskekrok', og tysk *Anger* 'eng'. Nokon bastant konklusjon dreg likevel ikkje Holm på dette punktet.

I det heile reknar forfattaren med ulike opphav på *anger*-namna. M.a. ser han det som sannsynleg at fleire av fjordnamna på *-angen* i Nord-Noreg har vorte til ved ei slags mønsternamngjeving etter andre fjordnamn av denne typen. Nærast eit suffiks å rekna er *-angen* i innsjønamn av typen *Øyangen* 'den øyrike sjøen', som finst fleire stader på Austlandet.

Hardanger har vore tolka både som 'hordane sin fjord' og 'den vêrharde fjorden'. Ein har då tenkt at *-anger* viste til den tronge Granvinsfjorden. Men eg deler forfattaren sitt syn på at det reale grunnlaget for *Hardanger* like snart er å finna lenger ute, kanskje i den vêrharde Samlen (om det er adj. *hard* som ligg til grunn). Som ei tredje mogeleg (men mindre truleg) forklåring av *Hard-* nemner Holm 'skog', i så fall i slekt med det tyske fjellnamnet *Harz*.

Stavanger har tradisjonelt vore tolka som 'den beine (fjorden)', men her hadde Holm alt i 1963 kome fram til same konklusjon som Knut Helle i *Fra våg til by* (1975) om at namn på *Stav-* vanlegvis viser til noko oppreist, og at namnet *Stavanger* såleis må ha bakgrunn i det bratte Valfjellet opp for Vågen.

Gjennom dette omfattande og grundige verket har nordisk og norsk namnegransking fått eit rikt tilskot. Forfattaren har lagt fram og drøft eit imponerande materiale. Konklusjonane er stundom dristige, stundom varsame, men alltid funderte på stor fagleg innsikt. At boka saknar noko av det heilskapspreget ein kunne ynskja av ei slik avhandling, må ein sjå i samanheng med det lange tidsrommet ho har vorte til i. Men korkje denne innvendinga eller den stundom noko ujamne bruken av kart og referansemateriale hindrar at dette er eit svært spanande verk å ta seg fram i, både for lek og lærd.

BH

MERKNADER TIL NOKRE *ANGER*-NAMN I ROGALAND

På grunn av mi interesse for namnegransking gjennom mange år har eg kjøpt Gösta Holm si bok om *anger*-namna, og eg har lese og kosa meg mykje med henne. Likevel er det ting i boka som eg har sett spørjeteikn ved. For meg, som lokalhistorikar og museumsmann, blir det då fyrst og fremst ved namn som eg kjenner frå nærmiljøet.

På s. 313 nemner Holm stadnamnet *Myntangen*. Det var underskrivne som i si tid gjorde Holm merksam på dette namnet, som er namn på ei lita båthamn i Hestnes i Eigersund. Holm greier ikkje å tyda namnet som eit *anger*-namn, og meiner namnet må forståast som *Mynnitangen*. Både naturtilhøva og bruken av namnet gjer ei slik tolking umogeleg. Dette har eg skrive om i Årbok for Dalane 1968-70, s. 66 ff.

Vidare har Holm (jfr. s. 719, note 25) funne namnet *Breiangen* hjå Indrebø (Norske innsjønamn I, s. 246), og meiner at heller ikkje dette er noko *anger*-namn. Han tolkar det i staden som *Brei-engen* (jfr. registeret s. 792). Det ser ut som om Holm ikkje kjenner jærbuen og namnegranskaren Inge Særheim sine skrifter, sjå Stadnamn i Klepp, s. 152, og Stadnamn fortel historie, s. 56 f.

Under omtala av *Mong* (*Má-angr*) i Eigersund (s. 76 f.) har Holm eit fotografi av Djuvvåg i Mong, og kallar denne "viken vid Mong". Per Hovda i artikkelen Stavanger og nokre andre namn (1964, s. 81) og NG X (s. 85) skriv òg om denne vågen i samband med namnet *Mong*. Ingen av dei nemner at det òg er ei hamn i Mong som heiter *Nesapodlen*, som er "ei

sers god hamn for småbåtar", jfr. ovannemnde årbok s. 67. Denne pollen ser ut til å vera markert på kartet på s. 77 i Holm si bok.

I samband med tydinga av *Stavanger*-namnet skriv Holm om namneleden *stav*. Det har i mange år undra meg at bratte bergsider kan kallast stavar. Ei slik tyding må vel i alle høve vera sekundær. Ordet *stav* tyder jo opphavleg 'stolpe, støtte, grensepel', indogermansk rot **stebh* eller **stabh* "være stiv" (A. Torp), jfr. Trænstaven, som er den største av tri fjelltoppar som stikk opp av havet som stavar når ein ser dei på fråstand.

I Stavanger heiter berget med den bratte (?) sida *Valberget*, som ein meiner kjem av ordet *valr* 'falk' eller av *vǫllr* (gen. *vallar*) 'voll, graskledd slette'. Dersom me heller kunne tyda namnet av *vǫlr* (gen. *valar*) 'rund stokk, stav', ville me ha staven som me er på jakt etter, jfr. Ætt og heim 1960, s. 52.

Dersom me likevel kan bruka ordet *stav* om ei bratt bergside eller om striper i berget (i så fall fleirtal), ville det vel ha vore rimeleg at dette blei brukt i namnet på fjellet (i så fall *Stav(a)berget*), og ikkje på ein våg i nærleiken (i så fall måtte vel dette ha vore *Stav(a)berg-angren*?). Noko anna ville det vera om sjølve Valberget blei sett på som ein horisontal eller vertikal stav. Me må likevel merka oss at dette fjellet berre er 21 m høgt og ruver lite i landskapet. I innseglinga til Stavanger og ved Gandsfjorden og Ryfylke-fjordane i bakgrunnen, er det langt høgare og brattare fjell som dominerer. Jamfør underskrivne sin artikkel i Ætt og heim 1975, s. 151 ff. (med ei retting i Årbok for Dalane 1979-80, s. 82).

Arvid Midbrød
Dalane Folkemuseum
Eigersund

DOKTORGRADSAVHANDLING OM NORSKE NAMN I OMSETJING TIL TYSK

Tysdag 5. november 1991 forsvara *Gero Lietz* avhandlinga *Eigennamen in der norwegischen Gegenwartssprache. Probleme ihrer Wiedergabe im Deutschen am Beispiel belletristischer Texte* (Namn i det norske notidsspråket. Problem med å gje dei att på tysk i skjønnlitterære tekstar). Avhandlinga er avlagd ved Ernst-Moritz-Arndt-Universität i Greifswald i

Aust-Tyskland, men forfattaren har fleire forskingsopphald i Noreg bak seg, det fyrste like etter at DDR opna grensene. Førebels finst avhandlinga berre i eit mindre stensilert opplag, men ho vert utgjeven på eit tysk forlag med det fyrste.

Avhandlinga har fire hovudkomponentar: 1) oversyn over norske namnetypar, 2) korleis namn fungerer i språket, 3) problem ved å omsetja namn frå eitt språk til eit anna, 4) analyse av namn som er overførte frå norsk til tysk i eit utval av skjønnlitterære verk.

I oversynet over norske namnetypar tek forfattaren for seg stadnamn, personnamn og "andre namn". Det kan verka noko ærgjerrig når ein utlending vil prøva å setja alle namnegrupper i eit land i system. Heilt har han heller ikkje lukkast i dette. Såleis har han ikkje fått rom i klassifiseringa si for den talrike klassen teignamn og utmarksnamn. Ei mistyding har gjort seg gjeldande når han seier at stortingsvedtaket i 1863 om matrikkelrevisjonen låg til grunn for Norske Gaardnavne. Dette verket var eit sekundært resultat av arbeidet med matrikkelrevisjonen som Namnekommisjonen av 1878 stod for, og då i fyrste rekkje Oluf Rygh. Trass i at ein kan retta nokre innvendingar mot denne delen av framstillinga, viser forfattaren ei imponerande forståing av det norske namneverket, presentert i ei oversiktleg form.

Norsk namnegransking har til no fyrst og fremst vore historisk-etymologisk orientert. Det er difor særleg interessant å lesa den teoretiske diskusjonen som forfattaren fører i samband med namnefunksjonen. Han drøfter den viktige distinksjonen mellom diakron (etymologisk) tyding og synkron (funksjonell) tyding og nyttar her omgrepet "Bedeutung" for den fyrste og "Bedeutsamkeit" for den andre.

Namnetyding og namnefunksjon er òg sentrale spørsmål i drøftinga av omsetjingsproblema. Korleis skal namn omsetjast frå t.d. norsk til tysk? Her er det fleire omsyn å ta, både namnetype og sjanger. Medan ein i saklitteratur nyttar namnet i opphavsspråket meir eller mindre uendra, eventuelt bortsett frå artikkel- og preposisjonsbruk, vil ein i skjønnlitterære tekstar måtta ta andre omsyn. Her er namn gjerne nytta for å gje teksten ein viss valør, og dersom denne valøren skal overførast til lesarar med ein annan språk- og kulturbakgrunn, vil ofte ei direkte attgjeving av namnet ikkje gje den tilsikta verknaden. Det er naudsynt med ei omsetjing eller omskriving.

Dette er ein hovudtese i avhandlinga. Forfattaren har analysert namnefunksjonen i fleire moderne skjønnlitterære verk (av Lars Saabye Christen-

sen, Gunnar Staalesen, Knut Faldbakken og Bjørg Vik) og vist at dei assosiasjonane namna gjev på norsk, ofte ikkje kjem fram hjå ein tysk lesar. Når det i den norske utgåva av Adams dagbok av Knut Faldbakken er tale om "en søvnløs natt på 'Nummer 19'" [Møllergata 19], gjev ikkje 'Nummer 19' (som altså er nytta direkte i den tyske omsetjinga) dei tilsvarande assosiasjonane. Her føreslår Lietz ei opplysande utfylling med "die berüchtigte Nummer 19".

Under arbeidet med avhandlinga gjennomførte forfattaren ei spørjegransking av tyske og norske studentar og bad dei gjera greie for kva assosiasjonar dei fekk når dei skulle vurdera eit visst utval av namn. Stundom var det samanfall mellom dei to gruppene, og stundom store avvik. Såleis assosierte den norske gruppa namnet "Carsten Wiig" i langt større grad med høg sosial status enn den tyske gruppa, som nærast kom til den motsette konklusjonen.

Det krevst grunnleggjande språk- og kulturkunnskapar i båe språka for å kunna overføra dei mangfaldige og nyanserte assosiasjonane eit namn kan skapa. Handsaminga av stoffet viser at Lietz har sett seg godt inn i norsk språk og norske tilhøve i det heile. Her er mykje å gle seg over. Når avhandlinga vert trykt, vil ho tvillaust verta lesen med interesse av både fagmiljøet og omsetjarar. For sjølv om dette er eit vitskapleg verk, er den praktiske nytten lett tilgjengeleg.

BH

DOKTORGRADSAVHANDLING OM INNSJØNAMN

Laurdag 5. oktober 1991 forsvara den svenske namnegranskaren Svante Strandberg avhandlinga *Studier över sörmländska sjönamn. Etymologi och formutveckling* for den filosofiske doktorgraden ved Uppsala universitet.

Som tittelen seier, er dette ei avhandling om innsjønamn frå det svenske landskapet Södermanland (Sörmland). Boka er gjeven ut i serien Skrifter utgivna genom Ortnamnsarkivet i Uppsala. Serie B. Meddelanden 8, og er på 300 sider, medrekna register og kjeldeoversyn. I innleiingskapittelet grunngjev forfattaren føremålet med avhandlinga m.a. slik: "Med de framlagda studierna vill jag inte minst belysa sådana förhållanden i det

sörmländska sjönamnsskicket som har principiellt intresse även i vidare hydronymiska sammanhang".

Boka er delt inn i 9 kapittel medrekna innleiing og samandrag. I tillegg til samandraget til slutt har kvart kapittel etter måten fyldige samandrag. Mest omfangsrike er kap. 2 "*Fjälaren* och *Hullsjön*. En etymologisk undersökning" (71 s.), kap. 4 "Sjönamn och virkestäkt. En semantisk-typologisk undersökning" (35 s.), kap. 7 "Fjärravhängig ortnamnsbildning" (52 s.) og kap. 8 "Ordslutet *-aren* i sjönamn" (43 s.). Kortare er kap. 3 "*Forssjö*. Ortnamn och ljudhistoria", 5 "*Blåkulla* och *Jättens handfat*. Sjönamn och folksägner".

Innhaldslista åleine gjev såleis ein god peikepinn på spennvidda i framstillinga. Med utgangspunkt i det store og typologisk mangfaldige materialet (ikring 800 namn) har forfattaren valt å ta for seg einskilde sentrale problemstillingar som namnelaging, etymologi, dialekthistorie, agrarhistorie, folkeminne. Viktigast er etter mitt syn dei delane der han tek for seg korleis innsjønamn er laga, altså der han drøfter m.a. *Fjälaren* (mest truleg til *fela* 'løyna, gøyma'). Særleg verdfull er drøftinga av *-ari*-endinga i innsjønamn. Her viser han, motsett det som har vore ei vanleg oppfatning, at ein ofte ikkje kan rekna med eit eldre *ir*-suffiks. Ei sikker støtte for det finn han m.a. i *Hallaren*, som han helst vil setja til eit **Hallar/*Hallur*. Etter forfattaren si meining må innsjønamn på *-aren* ha vorte til i ulike tidsrom, og ofte må mønsternamngjeving ha verka inn.

Det er eit spekka namnevitskapleg verk som her er lagt fram. Forfattaren demonstrerer imponerande kjeldekunnskap og solid innsikt i eit interessant namnemateriale som enno langt frå er uttømt. Av og til kunne nok argumentasjonen for dei prioriterte tolkingane vore djervare og konklusjonen klårare. Det omfattande noteapparatet, som stundom verkar noko overlesst, stør inntrykket av ein lærd granskar.

Sidan dette er ein monografi, kan ein likevel innvenda at framstillinga er noko springande. Kvart emne som vert teke opp, er viktig og interessant for seg, men i ei monografisk framstilling kunne ein ynskja seg ein større indre samanheng. Ei meir samla kritisk drøfting av "Stand der Forschung" i granskinga av innsjønamn ville òg vore ynskjeleg.

BH

PERSONNAMN I NORDISKA OCH ANDRA GERMANSKA FORNSPRÅK

NORNAs attende symposium

I dagene 16. til 19. august 1991 blei NORNAs attende symposium avholdt i Uppsala. Emnet var personnavn i gammelnordiske og andre eldre germanske språk. Fra fredag kl 1400 til mandag kl 1300 fikk deltakerne med seg 13 foredrag, omvisning og mottagelse på Sveriges medeltida personnamn (SMP), runesteinsekskursjon i Mälardalen med innlagt besøk i Sigtuna, festmiddag i Orangeriet i Linnéträdgården, og tilbud om demonstrasjon av runedatabasen.

Arrangøren, Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet, ved docent Lena Peterson hadde hatt en heldig hand med opplegget av symposiet. Spesielt vellykket var det at man hadde avsatt såpass mye tid til diskusjon, 30 minutter etter like lange foredrag. Det førte til at foredrag som emnemessig stod relativt isolert, også ble satt inn i den konteksten som divergerende synspunkter og personlige assosiasjoner gir. Diskusjonstida viste seg ofte å bli svært givende.

Ekskursjonen rundt i Mälardalen var også svært godt forberedt. Forskjellige runesteiner blei utgangspunkt for utgreiinger i mindre format ved doktoranden Jan Axelson og dr Henrik Williams. Det blei særlig lagt vekt på å belyse navnestoffet på runesteinene, og morfologiske, semantiske og etymologiske navneproblemer blei luftet og ga opphav til mye fagprat ute i Upplands vakre kulturlandskap. Ekskursjonen blei derfor på en fin måte en "myk" forlengelse av foredragene på konferansen.

Foredragene fordelte seg emnemessig over et bredt spekter, men den første delen av symposiet blei dominert av foredrag som omhandlet navn i urnordisk. Det førte naturlig nok til at runologi spilte en større rolle enn vanlig er på en navnekonferanse. Men nettopp dette møtet mellom runologer og navnegranskere blei framhevet som spesielt nyttig fra begge hold. Blant foredragene kan nevnes John Kousgård Sørensens opplegg til en ordbok over urnordiske personnavn (foredraget blei framført av Eva Villarsen Meldgaard), Thorsten Anderssons gjennomgang og diskusjon av skillet mellom sakrale og profane personnavn og Eva Bryllas ekstrahering og beskrivelse av binavn i de urnordiske runeinnskriftene.

I den seinere delen av symposiet blei fokus flyttet over til vikingtid og middelalder, med en svært sterk siste sesjon. Her snakket Svante Strandberg om navneformen *Budde* fra formativt synspunkt, Marianne Blomqvist

om tysk påvirkning på finsk navneskikk i hansatida og Arend Quak om gammelnederlandske leilendingsnavn. I det siste foredraget blei variasjon i navnebærernes sosiale posisjon koplet sammen med navnas formative forskjeller på en overbevisende måte.

Fra norsk synspunkt var det iøynefallende at bare seks av 42 forhåndspåmeldte var nordmenn. To av disse, Anne Haavaldsen og Ole-Jørgen Johannessen, holdt foredrag, henholdsvis om personnamn i de eldre runeinnskriftene og om patronymbruk i norsk høymiddelalder. Det beskjedne norske frammøtet var vel en påminnelse om hvordan aktivitetsnivået i Norge er i emnet personnavngransking og da særlig i forskning på det eldre materialet.

For oss som møtte, inspirerte symposiet virkelig til innsats. For egen del opplevde jeg særlig at Ole-Jørgen Johannessens foredrag inneholdt mange fristende agn å ta fatt i. Men symposiet inneholdt noe for enhver smak, og forhåpentligvis er det mange med meg som dro hjem til skrivebord, bibliotek og PC entusiastiske og med nye ideer.

Kristin Bakken
Oslo

DOKTORDISPUTAS I KØBENHAVN

Fredag 13. september 1991 disputerte Vibeke Dalberg for den filosofiske doktorgrad ved Københavns Universitet på avhandlinga *Stednavneændringer og funktionalitet. Analogisk stednavneomdannelse, epexegetisk stednavnedannelse og stednavneskifte belyst ved danske toponymer*. Førsteopponent var arkivsjef Bengt Pamp, Lund, og andreopponent professor John Kousgård Sørensen, København. Frå auditoriet opponerte univ.lektor Bent Jørgensen, København. Dalberg vart kritisert ein del m.a. for emneval (t.d. at ellipse ikkje er med) og materialvurdering, men ho fekk samstemt ros for teoretisk skarpsyn og metodisk konsekvens. Avhandlinga har komi som nr. 33 i serien Navnestudier udgivet af Institut for Navneforskning. Vi viser til nærare omtale av boka i Namn og Nemne 1991.

SVERIGES MEDELTIDA PERSONNAMN

Hefte 10 av Sveriges medeltida personnamn har nyss komi ut. Det går frå *Hakon* til *Hanok*, og innimellom ligg m.a. namna på *Hall-*. Med dette heftet er band 2 av verket avslutta. Det følgjer med ei komplett liste over kjelder og litteratur. Sjå nærare omtale av verket i Nytt om namn 12, 1990.

Manden tilhøire: Sig mig, De, staver De ikke Deres Navn S—m—i—t—h?
Manden tilvenstre: Nei da, jeg staver det P—o—p—p—e!

NORDISK SYMPOSIUM OM FINNSKOGENE

De finske stedsnavnene i grenseskogene mellom Hedmark og Värmland har bare i liten grad opptatt norske og svenske navneforskere. Standardverket i Norge er fremdeles Ragnvald Iversens *Finsk på norsk grunn* (1959). I løpet av de siste åra har det vært en økende interesse, ikke minst blant lokalbefolkningen, for ulike sider ved finnekulturen. Dette har også ført til at oppmerksomheten er blitt rettet mot de finske stedsnavnene eller, slik det nå ofte arter seg, sporene etter finsk språk i de norske og svenske navnene på Finnskogene. I mange tilfeller ser vi nå at fritidseiendommer er blitt gitt finske navn, og det synes å være en tendens til å benytte finsk ortografi i eksisterende navn.

Disse forholdene danner bakgrunnen for det "minisymposiet" som ble arrangert på Nyskoga i Värmland 26.-28. september i år. Initiativtaker var Tuula Eskeland ved Ural-altaisk avdeling ved Institutt for lingvistikk, Univ. i Oslo, og hun stod også for hele det praktiske arrangementet. Tuula Eskeland har i flere år samlet og systematisert navn fra de norske finnskogene og er fra 1. august NAVF-stipendiat på et prosjekt om disse navnene.

Symposiet samlet 20 deltakere fra Danmark, Finland, Norge og Sverige. Birger Nesholen fra Gruetunet museum og Gabriel Bladh fra Högskolan i Karlstad presenterte ulike sider ved Finnskogenes kulturlandskap og historie og bakgrunnen for den finske innvandringen. Tuula Eskelands foredrag tok for seg de finske navnene, særlig på norsk side, og Mats Wahlberg og Ann-Christin Mattisson drøftet ulike syn på spørsmålet om finske eller svenske navn på de svenske Finnskogene. Maud Wedin la fram et materiale fra en finnskog i Medelpad, og Botolv Helleland viste hvordan de finske navnene skal normeres ifølge den nye norske navneloven og påviste kontrasten til gjeldende praksis på svensk side.

Deltakerne fikk en grundig innføring i den finske kulturen gjennom en "sjutorpsvandring" i norsk og svensk finnskog ledet av Olle Bylander. De fleste tok også utfordringen å oppleve det sosiale samværet i en 200 år gammel røykbadstue.

Tom Schmidt
Oslo

GLØYMD NAMNESTRID FRAM I LYSET

Det store slaget om *Nidaros*-namnet i slutten av 1920-åra har i ettertida skygga for andre namnestridar som var både kvasse og opprivande medan dei stod på. Det gjeld i høgste grad spørsmålet om byen Kristiansund skulle endre namn til *Fosna*. Denne striden pågjekk i fire rundar og strekte seg over ca. 35 år: først ein mild opptakt i 1890-åra, så ein forbitra agitasjon med sterke politiske islett i 1918 og 1925, og til slutt ein meir avdempa runde i 1929. Som alle kan merke no, vart det inga namneendring. Bystyre og formannskap hadde saka oppe fleire gonger med ymsande utfall, men det som sette slåa på for godt, var ei privat folkeavstemming med klårt ja til *Kristiansund* 19. juni 1929. Da hadde bystyret berre å følgje etter.

I ei vakker lita bok frå Novus forlag, *Stridane om bynamna Fosna - Kristiansund* (1991), gjev Ola Stemshaug eit oversyn over denne langdregne striden, med dei personane og gruppene som engasjerte seg og dei argumenta som vart brukte i dei ymse fasene. Framstillinga vitnar om grundig kjeldearbeid. Sidan alle offentlege og dei fleste private arkiv vart øydelagde under bombinga i 1940, har Stemshaug i det alt vesentlege måtta byggje på referat og innlegg i lokalavisene. Men avisene var så sentrale forum at det neppe er noko viktig som har gått dei forbi. Stemshaug skildrar nært og detaljert det som skjedde lokalt. Samtidig gjev han perspektiv til hendingane ved å setje dei inn i ein større språkpolitisk og allmennhistorisk samanheng. Eit slåande trekk er at stridane gjerne dreia frå allmenne synspunkt til lokalt forankra argument. Både *Oslo*-vedtaket i 1924 og *Nidaros*-striden i 1928-29 gav på kvar sin måte fart og farge til utviklinga i Kristiansund.

I eit kapittel til slutt stiller Stemshaug opp argumenta i tabellform og drøftar dei systematisk. Hovudargumentet for *Fosna* var at historisk-nasjonale tilhøve burde tilseie det gamle norske namnet på staden (namnet var elles enda i bruk i omlandet til byen). Eit praktisk argument i same lei var at *Kristiansund* ofte vart forveksla med *Kristiansand*, noko som m.a. skapte rot ved postsendingar. Hovudargumentet for *Kristiansund* var at namnet var innarbeidd, særleg i merkantile krinsar, og at eit skifte kunne få økonomiske konsekvensar i form av tapt marknad o.l. Desse tre argumenta var framme i alle rundane. Frå 1918 kom målstriden sterkt inn. Dei som heldt på *Kristiansund*, prøvde å redusere *Fosna*-tilhengjarane ved å kalle dei "nogen faa maalmænd" og saka deira "maalfanatiske pirkerier". Føreset-

naden for at ein slik agitasjon skal verke, er sjølvsagt at målsaka på førehand har eit negativt stempel i miljøet. Stemshaug hevdar med all rett at 20-åra nok ikkje var så rolege språkpolitisk som lærebøkene gjev inntrykk av. Attåt var ein 15-16 argument av delvis lokal karakter framme avhengig av situasjon og individuell oppfatning. Her kjem m.a. ei estetisk vurdering til syne: *Fosna* kling betre enn *Kristiansund*.

KK

TRONDHEIM - TRONDHJEM - NIDAROS

I sommar glødde det atter i brandane etter striden om namna *Trondheim - Trondhjem - Nidaros*. Ordførar Marvin Wiseth stod fram og ønskte seg forma *Trondhjem* fordi "ingen ekte Trondhjems-gutt finner det naturlig å si heim". Han fekk støtte av den kjende målaren Håkon Bleken. Men noka kampsak var ikkje dette, og Wiseth kom aldri til å gjera noko framlegg om endring, sa han. Elles bad han "fri og bevare oss for alle disse navneforskerne". Ein av "disse" er kanskje professor Arnold Dalen, som i eit intervju i Adresseavisen 9.7.91 seier han synest Trondheim er eit godt namn, eit kompromiss som alle bør godta. Adresseavisen følgde opp diskusjonen med ei uhøgtidleg telefonavstemming om bynamnet. Resultatet vart 1497 for *Trondhjem*, 835 for *Trondheim* og 826 for *Nidaros*. Både avisa sjølv og andre var overraska over den store sympatien for *Nidaros*. Men som Dalen peikar på i avisintervjuet, har *Nidaros*-namnet neppe nokon sjanse til å slå igjennom, fordi det aldri har vorti noka folkeleg namneform. Det lever stort sett berre i offisiell kyrkjeleg samanheng. Heile debatten hadde ein viss sommarlett tone, og ordføraren si utsegn om "navneforskerne" vart nok òg servert med eit glimt i auga.

KK

FN-MØTE OM STADNAMN

FN har ei eiga gruppe for nasjonal og internasjonal standardisering av geografiske namn (UNGEGN), og i tida 11.-19. november møtest denne gruppa til sin femtande sesjon i Genève. Frå norsk side møter Botolv Helleland for å leggja fram den nye stadnamnlova. Andre nordiske deltakarar er Ann-Christin Mattisson frå Lantmäteriverket i Gävle og Eeva Maria Närhi frå Finska namnbyrån i Helsingfors.

NORSK I AMERIKA

Hausten 1987 vart det arrangert ein konferanse om norsk språk i Amerika på Blindern, i regi av Planleggingsgruppa for norsk språk i Amerika. Foredraga er no utgjevne av Novus forlag som skrift nr. 3 i ein serie frå Det norsk-amerikanske historielaget, avdeling Noreg. Samlinga er redigert av Botolv Helleland, som òg har skrivi innleiing. Dei fleste artiklane er på norsk, men alle har eit fyldig resyme på engelsk. Stoffet er ordna i bolkane kjelder, skriftspråk, talemål og namn. Her skal eg berre omtala namneartiklane.

Peter Hallaråker tek for seg etternamn hos norske innvandrarar i USA. Han skisserer først situasjonen heime i Noreg med basis i dei to prinsippa slektstilknyting (t.d. *Olsen*) eller stadtilknyting (t.d. *Indrebø*) som grunnlag for namnet. Bruken av etternamn var ustadig og skiftande i Noreg på emigrasjonstida, og det smitta over på tilstanden i USA. Hovudspørsmålet Hallaråker stiller, er om nordmennene i USA bevisst utvikla ein ny slektsnamntradisjon etter amerikansk mønster, eller om skikkane endra seg litt etter litt om lag som i Noreg. I offentleg samanheng er det klårt at innvandrarane måtte rette seg etter amerikansk lov, som sette krav om eitt fast slektsnamn (i Noreg vart namnebruken lovregulert først i 1923), men i daglegspråket kunne tradisjonane stå seg betre. Tvidelinga syner òg att i skriftlege kjelder; dei eldste kyrkjebøkene t.d. er førte på norsk måte. Påfallande mange immigrantar valde patronym som offisielt etternamn. Hallaråker finn her ein parallell til bruken av patronym framfor gardsnamn i dei norske byane. Drivkrafta må begge stader vera den frigjering frå naud og fattigdom på bondebygda som *sen*-namnet symboliserer. Gardsnamn kom òg i bruk, men vart da oftast justerte slik at dei passa med engelsk skrivemåte og uttale.

Arne Kruse drøftar stadnamn i Coon Valley i Vernon County i sørvestre delen av Wisconsin. Dette er eit norskdominert område med mykje norsk daglegspråk enno. Kruse slår fast at det generelt er få norske namn på amerikanske kart og på høgre offisielt nivå i det heile. Først på "bygdens" og "gårdens" nivå blir dei noko fjølgare, men jamført med heimlandet er det norske Amerika fattig på namn. Forklaringa ligg mykje i at prærielandet ikkje innbyr til like tett namnsetjing som våre bakkar og berg. Samtidig er Coon Valley kupert og utypisk, og har relativt mange stadnamn. Kruse fører opp namna med uttale, kartreferanse og forklaring. Han har gjort eit godt innsamlingsarbeid. Attåt skilnaden i namnemengd kan m.a.

desse særtrekka påvisast: Farmane blir nemnde etter familien som bur der, og teigane blir nemnde etter avlingsslaget. Når folket flyttar og avlinga skiftar, kjem det nye namn. Dette skaper ein heilt annan gjennomtrekk i namneforrådet enn det vi kjenner frå norsk bygdemiljø. Naturleg nok har dei fleste lokalitetar to namn, eitt norsk og eitt engelsk. Det er da oftast tale om omsetjingspar, t.d. *Tyskeryggen* og *German Ridge*.

Gulbrand Alhaug viser at personnamngranskinga kan gje norsk-amerikanarar god hjelp til å spore opp slektsrøter i Noreg. Saksfeltet er i høgste grad både aktuelt og problematisk. Ofte kan det vera berre ei uventa skriftform som skiplar leitinga etter ein gammal slektning. Alhaug har laga eit system for å lenke skrivemåtar og former saman i rimelege einingar. Han set opp ortografisk nivå, fonemisk nivå, stammenivå og etymologisk nivå. For eit praktisk føremål er både ortografi og etymologi lite tenlege. Det fonemiske nivået, som inneber justering etter uttale (t.d. *Chathrine* og *Katrine* som /katrine/ begge), er eit godt startpunkt, men dei fleste vil nok få det rette utbyttet først når dei koplar seg inn på stammenivå (t.d. *Per* og *Peder* som /pe:r/ begge). Alhaug understrekar at den konkrete utforminga av nivåa må ta omsyn til tidsperioden dei skal brukast for. Dette er etter mitt syn eit kjernepunkt, som kanskje er meir intrikat enn Alhaug gjev uttrykk for. Ikkje berre på grunn av utviklinga i talemålet, men vel så mykje på grunn av at skriftpraksisen endrar seg gjennom tida og attpåtil kan vera heller variabel også innanfor eit tidsavgrensa materiale. Den praktiske utprøvinga vil truleg tvinge fram eit maksimum av moglege lenkingar.

Anne Svanevik skriv om norske førenamn i Amerika og angloamerikanske førenamn i Noreg, med eit rikhaldig og veldokumentert materiale frå begge sider. Dei norske namna har i liten mon greidd å hevde seg i USA. Ei side frå telefonkatalogen for Coon Valley 1985 viser at norske førenamn ligg langt tilbake for norske slektsnamn. Førenamn med låg utbreiing har gjerne eit heimleg preg i skrivemåten, men høgre på listene finn vi helst amerikaniserte eller nøytrale namn, t.d. *Eric* og *Karen*. Situasjonen på norsk jord er radikalt forskjellig: Her fyller dei angloamerikanske namna godt opp, og størstedelen av fornyinga i norsk namnebruk i moderne tid kjem frå den kanten. Namna blir òg tekne inn i angloamerikansk form utan å li skade av det - tvert imot. Svanevik karakteriserer det med rette som *statusskrivemåte*, som til og med verkar inn på norske namn, t.d. *Wigdis* og *Owe*. Ei spesialundersøking Svanevik har gjort, viser at oljebyen

Stavanger ligg i fronten når det gjeld opptak av angloamerikanske namn dei siste tiåra.

Artiklane kombinerer oversyn og detaljar, granskingsreferat og originalstudium på ein god måte. Verdifull er òg den medvitne jamføringa med tilstanden i landet namnebrukarane reiste frå. Kontrasten skjerpar interessa for begge samfunna.

KK

STUDENTARBEID OM NAMN

Hovudfag i Bergen

Per Soot: *Namnetap, kontinuitet og nye namn i Fevik skolekrins*. Nordisk institutt, våren 1991.

Målet med denne oppgåva er å sjå på endringar i namnetilfanget i Fevik krins i Grimstad, Aust-Agder, slik dei ytrar seg i form av namnetap, namnekontinuitet og nylaging av namn. Endringane blir kartlagde og diskuterte på grunnlag av tre materialsamlingar: Indrebøs skolebarnsamling frå 1933 (SKO) på 573 namn, ei innsamling ved Fjære ungdomsskole 1990 (FUS) på 284 namn og ei djupinnsamling frå 1988 og 1990 (DJUP) på 711 namn. Både FUS og DJUP har Soot utført sjølv. Eit namn blir rekna som tapt når det står i SKO, men ikkje er kartfesta av informantar i FUS og DJUP. Eit namn er nytt når det finst i FUS, men ikkje i DJUP. Kontinuiteten blir delt i tre: høg for namn som finst i alle tre samlingar, middels for namn i SKO og DJUP eller berre i DJUP, og låg for namn berre i FUS. Soot vurderer endringane i høve til lokalitetstype, med hovudskilje mellom natur- og kulturlokalitet.

Problemstilling og opplegg tek utgangspunkt i eit funksjonelt stadnamnsyn, der ein rettar interessa mot namna som adresser el. tilvisingar til stader i terrenget. Ein berande tanke er da at kommunikasjonsbehovet styrer framvekst, overlevering og tap av stadnamn. Som arbeidshypotesar set Soot opp: 1) namn knytte til primærnæringane har det største tapet, 2) den offentlege namngjevinga står for dei fleste nye namna, og 3) størst brukarkrins i FUS har namn på vegar, bustadfelt og lokalitetar knytte til fritid og fritidsaktivitetar.

Frå SKO til DJUP er tapet på 36 prosent, frå SKO til FUS på 83 prosent, i begge tilfelle med jamn fordeling på natur- og kulturnamn. DJUP har 345 namn som ikkje er med i SKO, og FUS har 108 namn som ikkje er med i DJUP. Dei nye FUS-namna er flest alle kulturnamn. Kontinuiteten fordeler seg slik: høg 110 namn, middels 650, låg 107. Det er som Soot peikar på, vanskeleg å seie om endringane er sterke eller svake fordi ein manglar undersøkingar å jamføre med, men det er i alle fall ein slåande skilnad mellom SKO og FUS. Hypotese 1 blir delvis bekrefta, hypotese 2 må justerast til også å omfatte private servicefunksjonar, medan hypotese 3 synest å ha treft eit kjernepunkt. Endringane inneber òg at namnemassen på eit vis har "glidd" frå jord og utmark til sentra og bustadområde.

Soot skriv i medviten opposisjon til den innarbeidde hovudoppgåvesjangeren. Han set seg klåre mål og diskuterer skarpsindig både materiale, terminologi og metode under nærlys frå teoretiske arbeid i lingvistikk og namnegransking. Resultatet står godt til ambisjonane. Måtte oppgåva inspirere - eller provosere - andre til å tenkje gjennom sitt fagsyn og sin arbeidsmåte.

KK

Mellomfag i Oslo

Hege E. Sollund: *Stadnamn på Larkollen*. Mellomfagsoppgåve våren 1991.

Norsk Hydro har prosjektert ein gassrøyrleidning frå Rogaland til Austlandet og vidare til Sverige, og i fjor bad Riksantikvaren Avdeling for namnegransking om å greia ut om dei kulturhistoriske skadeverknadene ved ei utbygging, vurdert ut frå stadnamna i Rygge (sjå Nytt om namn 13). I tillegg til det arbeidet avdelinga gjorde, vart det utført ei delgransking av namnetilfanget på Larkollen av mellomfagsstudenten Hege E. Sollund. I innleiinga skriv ho: "Sidan denne oppgåva har kome i stand som eit ledd i kulturminneprosjektet for Rygge, er det lagt særleg vekt på stadnamna som kulturhistorisk kjeldemateriale." På grunnlag av 180 namn har ho analysert dei natur- og kulturbaserte tilhøva i området slik dei kjem til uttrykk i materialet. Som venta er dyrking og husdyrhald særleg ofte reflektert i materialet. I denne samanhengen må ein òg sjå namn på *-bingen*, her nærast om 'avdelt flate', som førekjem heile 11 gonger i materialet.

Ei alfabetisk liste med lydskrift og tilvising til Økonomisk kartverk er svært nyttig. Oppgåva er heller ordknapp når det gjeld samanhangande kommentarar, men forfattaren kan forsvara seg med at materialet er ordna i oversiktlege grupper som talar for seg. Det er elles positivt at studentar kan delta i prosjektarbeid ved dei faglege institusjonane.

BH

TILLEGG TIL NAMNEBIBLIOGRAFI 1989 OG 1990

1989:

Amundsen, Arne Bugge: Navngivning og kirkebøker. I: d.s.: Folkelig og kirkelig tradisjon. Dåpsforståelser i Norge særlig på 1800-tallet. Oslo 1989:223-237.

Hagland, Jan Ragnar: Islands eldste runetradisjon i lys av nye funn frå Trondheim og Bergen. I: Arkiv för nordisk filologi 104: 89-102.

Seim, Karin Fjellhammer: Runeinnskrifter fra Trondheim og Bergen som kilder til islandshandelens historie? Et innfløkt provenienssspørsmål. I: Historisk tidsskrift 3/1989:333-347.

1990:

Hagland, Jan Ragnar: Runemateriale som kjelder til islandshandel - ein formasteleg tanke? I: Historisk tidsskrift 1/1990:106-109.

Johnsen, Ingrid Sannes: Norges Innskrifter med de yngre Runer. Sjette bind. Annet hefte. Bryggen i Bergen, I. Oslo 1990:97-226. Rettingar og tillegg, Registre av James E. Knirk s. 227-292.

Seim, Karin Fjellhammer: Runeinnskrifter og islandshandel nok en gang. I: Historisk tidsskrift 3/1990:338-344.

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking*. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namne-arkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking*. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 - 4676